



ØRSTA KOMMUNE

Ordfører

Forsvarsdepartementet  
Pb. 8126 Dep.,  
0032 Oslo  
E-post: [postmottak@fd.dep.no](mailto:postmottak@fd.dep.no)

Generalinspektøren for Heimevernet  
c/o Heimevernsstaben  
Postboks 393 Terningmoen  
2403 Elverum

Sunnmøre Forsvarsforeining  
v/ Per O Hofseth  
Hovegarden  
6265 Vatne

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2010/1613	694/2012	EOYE	X21	20.01.2012

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 19.01.2012, sak 9/12:  
Samrøystes vedtak etter §13 (hasteparagrafen i kommunelova)

## FRÅSEGN VEDKOMANDE FRAMLEGG TIL REORGANISERING AV HEIMEVERNET

Ørsta kommune vil på det sterkaste gå mot ein ytterlegare reduksjon av Heimevernet sin organisasjon og talet på soldatar i distrikta. Framlegga om å svekke distrikta for å frigjere midlar til meir trening i sentrale område ber preg av ei desimering, som er i strid med sjølve føremålet og styrken med Heimevernet; lokalt nærver, beredskap og landforsvar.


Heimevernet er ei svært viktig grein av det norske forsvaret, som har tradisjonar langt attende i tid.

I store delar av landet er dette den einaste greina som er ansvarleg for beredskapen. Den lokale forankringa og kunnskapen om ansvarsområdet, mobiliseringsevna og koplinga til den sivile beredskapen gjer at Heimevernet er ein umisteleg ressurs i dei distrikta som det skal tene. Dette gjeld både militær beredskap, sikring av vitale installasjonar og infrastruktur og rolla inn mot den sivile beredskapen.

Styrken er sett saman av høgt motiverte menneskap, som mange gongar har vist sin verdi og effektivitet. Nylege hendingar som terroren i Oslo og på Utøya og Juleorkanen på Vestlandet har på ny vist oss kor viktig det er at storsamfunnet er viljug til å bruke eit minimum av ressursar på nasjonal beredskap og vern av sårbar infrastruktur.

Vi vil også peike på at geografien og naturen i mange delar av landet gjer det vanskeleg å få fram mannskap og utstyr raskt. Då er det heilt uvurderleg å ha tilgang på lokale ressursar som ein beredskap. HV 11, med base på Åndalsnes, har ansvar for eit slikt geografisk utfordrande område. Distriktet omfattar også delar av Sogn og Fjordane fylke. Ei nedlegging av HV 11 vil innebære at det einaste organiserte nærver av forsvaret mellom Værnes og Bergen i praksis vert fjerna. Nordvestlandet er eitt av dei mest vèrutsette og geografisk utfordrande områda i landet. Utan lokale ressursar vil responstida i dette området verte uakseptabel.

I lys av dette finn Ørsta kommune det heilt uforsvarleg å gå inn for ytterlegare nedbygging av den desentraliserte norske forsvarsstyrken og beredskapen. Særleg reagerer formannskapet på at framlegget til omorganisering legg opp til å fjerne nærveret i ein heil landsdel, til fordel for meir øving i sentrale strok. Ein nasjon må vere viljug til å bruke tilstrekkeleg med ressursar på tryggleiken til sine borgarar.

  
Med helsing  
Rune Hovde  
Ordførar  
Ørsta kommune